

Kolstad 4/10-22

**Søknad om dispensasjon for oppføring av tilbygg på fritidsbustad med installasjon av sanitæranlegg med utslepp via minirensanlegg med slamtørke, samt oppføring av bod for lagring av ved på GBNR 60/25 i Alver kommune.**

Tiltaket krev dispensasjon frå pbl § 1-8, forbod om tiltak langs sjø samt i høve til omsynssone H570 som gjeld «Den indre farleia.» Det er i kommuneplanen sin arealdel 2019-2031 med ID 1263-201805 i kapittel 3.4.7 opna for å gje løyve til tiltak etter søknad for tilbygg og påbygg med samla bruksareal inntil 50m<sup>2</sup>. Sjå vedlagt kopi. Det vert søkt fritak frå måling av lekkasjetall pga. ikkje mulig å «isolere» tilbygg frå eksisterande bygg..

**Bakgrunnsinformasjon:**

Hytta på gbnr 60/25 vart oppført i åra 1975 til 1977 av mor til Lill Krestin som var dotter til eigar av gardsbruket. Alle sysken fekk tildelt kvar sin tomt, men ikkje alle vart bygd på. Det er installert ovn i bustaden og toalettfasilitet er løyst ved bruk av «kaggetoalett». Det er ikkje innlagt vatn.

**Søknaden omfattar:**

Oppføring av tilbygg på om lag 40 m<sup>2</sup> BRA samt utvendig bod på om lag 13 m<sup>2</sup> BYA. Tilbygget vert sett opp på ringmur med isolert bjelkelag og har flatt tak for å redusere høgda på bygget. Installering av sanitæranlegg og minirensanlegg type Klaro. Søknad om utslepp vert ivaretatt av VVS firma og gjort parallelt med byggjesaka.

**Forhold tiltakshavar meiner må tilleggjast vekt i vurdering av tiltaket:**

Tiltaket er ikkje synleg frå skipsleia og er i tråd med det kommuneplanen opnar for. Tilbygget vert oppført i samsvar med TEK 17 og dermed vesentleg betre isolert enn den eldre delen og vil samla sett føre til mindre krav til energibruk pr. m<sup>2</sup> bruksareal då tilbygget «erstatte» gavlvegg i søraust samt del av fasade mot sørvest. Installering av minirensanlegg vil gjeve betre kontroll og mindre risiko for forureining frå avrenning av gråvatnet. Slamtørkeanlegget innebærer at det ikkje er nødvendig med slamtømming då slammet etter tørkeprosessen er reint bioavfall.

Tiltaket ligg tett ved campingsplass på «Kaldneset» der det er plassert campingvogner og spikertelt. Dette «forureiner» svært mykje meir visuelt enn omsøkt tiltak som er lite eksponert og fell naturleg inn i terrenget.

Tiltaket ligg også svært nært eit hyttefelt på «Buskeneset», eller «Klubbane» og «Stølane». Dette feltet er eksponert langs leia og ligg om lag 350 meter sørvest for naustet. Sjå vedlagt kartutsnitt.

Slik vi ser det vil tiltaket ikkje være til ulempe for naboar eller omgjevnader / miljø eller redusere den visuelle verdien av «Den indre farleia». Samla sett meiner vi føremunene ved å gjeve løyve til tiltaket er klart større enn ulempene.

Ing. Taule AS  
Karl Atle Taule

Ing. Taule AS  
Radøyvegen 1400  
5936 Manger

Mob.tlf. 908 66 010  
e-post: atle@ing-taule.no  
Org. Nr. 988103381MVA

trødlyg 200  
slør 2

### 3.4.7. EIGEDOM MED STATUS SOM LNF-SPREIDD (PBL. §§ 11-7 NR. 5 OG 11-11)

I tillegg til områda for LNF-spreidd som er vist på plankartet, har dei eksisterande bygde eigedommane med bustad og fritidsbustad som lista opp i vedlegg A og vedlegg B status som LNF-spreidd bustad og fritidsbustad.

I desse områda kan følgjande tiltak tillatast, etter søknad, i samsvar med eksisterande lovleg bruk som ikkje førar til nye bueningar:

- Tiltak etter pbl § 20-1 bokstav b, c, e, f, h, i, j
- Tilbygg og påbygg med samla bruksareal (BRA) inntil 50 m<sup>2</sup>
- Tiltak som inngår i pbl §§ 20-4 a, b, c, e og 20-5

Utbygging kan skje innanfor rammene i føresegn 3.4.3 bokstav c og 3.4.4. bokstav c.

Det kan gjevast løyve til tiltak som ikkje har negativ verknad for dyrka mark, samanhengande innmarksbeite eller samanhengande skogsområde av super bonitet. Tiltaket må ikkje føre til vesentleg auke for omgjevnadane i form av trafikk, støy og forureining, andre vesentlege negative verknader for bygde og naturgitte omgjevnader, allmenn ferdsel, freda kulturminne eller kulturminne av nasjonal interesser, verdifull vegetasjon eller vesentleg negativ verknad for nasjonale og regionale interesser.

Opplista eigedommar som ligg innanfor 100 meters beltet langs sjø er omfatta av byggeforbodet i plan- og bygningslova § 1-8. Oppføring av tiltak vil krevje dispensasjon frå byggeforbodet.

Søknad om tiltak skal sendast til kulturminnemynde for uttale for vurdering av kulturminneinteresser jf. kulturminnelova §§ 3, 8 og 9

Ved handsaming av søknad kan det til dømes bli sett vilkår om at eigedomen skal ha tilkomst, parkering, uteopphaldsareal, vatn og avlaup i samsvar med gjeldande krav.

### 3.5. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE (PBL. §§ 11-7 NR. 6 OG 11-11)

#### 3.5.1. GENERELT

Føremålet er fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdsle og fiske. Tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur, friluftsliv, ferdsle eller fiske er ikkje tillate, under dette flytebrygger og kaianlegg.

Areal avsett til hovudføremålet kan utnyttast i samsvar med dei aktuelle underføremåla med unntak av akvakultur, småbåthamn og småbåtanlegg, jf. pbl. §§ 11-7, 3. ledd, 11-9 og 11-11.

Hovudføremål og underføremål er ikkje til hinder for naudsynt fortøyning av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmpumper, straum og telenett, jf. pbl. § 11-11 nr. 3.

#### 3.5.2. FISKE (VFI)

I fiskeområde går fiske framfor annan bruk av området. Det kan ikkje tillatast tiltak som er til ulempe for fiske innanfor området.

Ved søknad om regulering av sjøområde og tiltak i sjø og strandsone skal Fiskeridirektoratet region Vest høyrast.